



KONTROLLUTVALET I FORSAND PROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtenr.: 4	Møtedato: 30. november 2010	Utvalgssaksnr.: 22/10 - 29/10
Innkalt: Torstein Haukalid Grethe Johansen Odd Arne Ingvaldstad	Forfall: Odd Arne Ingvaldstad har meldt forfall, Jan Sigve Schelbred (2. vara) møtte som vara. Laine H. Tangen som er fyste vara, har begynt å arbeide i kommune, og kan difor ikkje fungere som vara til kontrollutvalet lengre.		
Andre som var tilstades: Frå kommunen møtte: Rådmann Terje Nysted og økonomileiar Ellen H. Larsen møtte til sak 22 - 25. Frå Rogaland Revisjon IKS møtte: Tore Kristensen og Bernt Mæland. Frå Rogaland Kontrollutvalgssekretariat møtte: Per Kåre Vatland			
Møtet varte frå kl 08:30 til kl 10:30.			

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Protokollen frå møte 14. september 2010 ble godkjent utan merknader.

22/10 Oppfølging av forvaltningsrevisjon: Etikk

Rådmannen orienterte om korleis kommunen følgjer opp rapporten. Nytt etisk reglement og reglement for varsling er vedteken.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet tek rådmannen si utgreiing til orientering.

23/10 Kommunen sin eigarstrategi

Rådmannen orienterte om status på arbeidet med eigarstrategi som vil verte klar til møtet i april.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek rådmannen si utgreiing til orientering.

24/10 Orientering om budsjett 2011 og økonomiplan 2011-2014

Rådmannen orienterte om budsjettet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet tek rådmannen sin utgreiing til orientering.

25/10 Tilbakemelding frå rådmannen på oppfølging av revisjonsmerknadane 2009

Økonomileiar orienterte om korleis revisjonsmerknadane er følgde opp.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet tek rådmannen si orientering til etterretning.

26/10 Rapport forvaltningsrevisjon: Kommunen sine forsikringsordningar

Revisjonen presenterte rapporten.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

1. Kommunestyret i Forsand tek rapporten om forvaltningsrevisjonen *Kommunen sine forsikringsordningar* til etterretning
2. Rapporten vert send til rådmannen for vidare oppfølging av rapportens konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet får melding om korleis kommunestyret sitt vedtak er følgd opp ca 6 månader etter vedtak er gjort i kommunestyret.

27/10 Bestilling av forvaltningsrevisjon: Kommunen sitt styringssystem

Revisjonen klargjorde kva som ligg i mandatet. Internkontrollen vert kartlagt på overordna nivå, utan at ein går inn og testar korleis internkontrollen verkar. Når det gjeld budsjetttrutinane vil revisjonen i utgangspunkt gjelde den administrative delen. Kontrollutvalet vil at revisjonen og seiar noko om skjeringspunktet mellom politikk og administrasjonen, spesielt mellom ordførar og rådmann.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand bestiller prosjektet ”*Kommunen sitt styringsmandat*” i tråd med framlagd utkast til prosjektmandat, med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalet ynskjer at prosjektet vert levert til 6. september 2011 (siste møtet i valperioden).

28/10 Årsplan 2011

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet vedtek årsplanen 2011 for kontrollutvalet i Forsand med dei endringane som kom fram i møtet
2. Planen vert send til kommunestyret til orientering.

29/10 Oversikt over status prosjekter og kontroller - november 2010

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek oversikt over status prosjekter og kontroller – november 2010 til orientering.

MELDINGAR

Periode: 15. september 2010 - 30. november 2010

Nr. Referatsakstittel

13/10 Kontrollutvalgets innstillingsrett til kommunestyret

14/10 Melding om vedtak kmst. 26.10.10 Rullering av Plan for forvaltningsrevisjon 2008 - 2011

EVENTUELT

Ingen saker under eventuelt

Underskrifter:

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet